

Kyrkjeblad for Øygarden

Øy Nytt



Det nye soknerådet 2009 – 2011:

Bak frå venstre: Andreas Kårbø, Atle Dåvøy, Olaug Merete Rong og Svenn Martinsen
Framme frå venstre: Øyvind Solsvik, Erling Vik og Astrid Nautnes Rustad
Kristen Olai Fjeldstad var ikkje til stades.

Les meir på baksida om kyrkjevalet.

I dette
nummeret
kan du
m.a. lesa:

Fakta rundt Allehelgensdag	Side 4
Intervju med Gustav Landro	Side 5
50årskonfirmantar	Side 7
Barne- og ungdomssider	Midtsidene

Når Kristus viser seg i dalen



For 15 år sidan kom eg over ein oppsiktsvekkjande artikkel i Dagbladet som eg ikkje kunne bli ferdig med. Tidligere kulturredaktør i avisas: Professor Hans Fredrik Dahl skreiv då om ein visjon han hadde hatt i ei fransk landsbykyrkje knytta til eit ukjend Rembrandt-maleri. "Kristus viser seg i dalen" var overskrifta hans.

På Kristi Forklæringsdag året etter nyttar eg Dahl si oppleveling som ingress i preika mi i Fjell kyrkje der eg var prest på den tida. På nettet kan du lese meir om det som er bakgrunnen for denne leiaren.

I eit stort og viktig intervju Alf van der Hagen i Morgenbladet hadde med professor Dahl midt i oktober no i år vart eg nemleg sterkt mint på visjonen i St. Vincentkyrkja i Mas d'Agenais, ein liten landsby på vestsida av Garonne-elva.

Den marxistiske og kulturradikale profesoren fortel at han for tre år sidan vart alvorleg sjuk:

"Jeg...våknet opp på hospital, og forsto...at det ikke var sikkert at jeg ville overleve."

Han fortel vidare at han ba om å verte salva, og ingen andre enn (den for oss ikkje ukjende) Arnfinn Andreas Haram (no katolsk prest) vart tilkalt til sjukesenga. Så tok Dahl ei stor, og for mange særskilt overraskande avgjerd:

"24 eller 48 timer etter dette var det at jeg tenkte: Hvorfor ikke nå gå over? Hvorfor holde igjen? Skal du ikke ta følgene av at du kjenner at dette var riktig? Det var så og si bare å vippe over og ta det siste skrittet. Velge det som var valgt for meg, langt tilbake."

Dahl vart kristen.

Eg vart stille då eg las dei 4 sidene i Morgenbladet, og måtte takka Herren. Her var og er mykje å tenke på for nokon kvar. Men kanskje skal eg ikkje seia så mykje. Istaden får Dahl ordet på nytt: I Morgenblad-intervjuet kjem han attende til visjonen i Frankrike. Alt i 1994 hadde han skrive foran biletet av den lidande Kristus:

"Ett punkt i det ynkellige legemet gløder av en ånd som viser at dette likevel er en død som er annerledes enn andre: Jesu blikk, slik vi ser i hans høyre øye (det venstre ligger i skyggen) bærer bud om...et budskap fra den andre siden. Annerledes kan det ikke forklares at en som forlater livet, skinne mot oss som står og ser, men hva er det han i denne stund vil si med sitt blikk? Man

må uvilkårlig gyse i det hystrige kirkerommet, for skikkelsen på korset synes så tydelig å si: "Jeg dør for at du skal leve."

Dette synet fekk store konsekvensar. Og professoren si livsforteljing gjer at vi anar kor stor Jesus er, som tek imot oss slik vi er, og møter oss der vi er i livet. Og når Han får styringa i livet fyller Han vår tanke med sin herlegdom!

Kristus døydde for at vi skulle leva!

For eit vakkert no 15 år gammalt vitnemål!

Eg trur óg det kan ha stor overføringsverdi til oss i Øygarden:


Kjære ven, same kven du er, same kor mykje du kjenner du kan "skrive under på" (eller ikkje) når det gjeld det Bibelen seier om kristen tru og liv, om du har det føft i din livssituasjon, eller det går "på fram":

Neste gongen du er i di eiga soknekyrkje, i Hjelme eller Blomvåg: (Lat det ikkje verta lenge til!) Stå foran altaret, sit i benken. Vert stille. Ta deg tid. Sjå på Kristus på glasmaleriet, altarbiletet. Og kom gjerne til gudsteneste! Kristus er her hjå oss óg! Sjølv om vi ikkje har nokon Rembrandt.

Som Kristi tenar har eg ei helsing frå Han til deg:

Han vil visa seg i din dal!

sokneprest@kyrkja.net



*Kristus døydde for at vi skulle leva!
Rembrandt i St. Vincentkyrkja i Mas d'Agenais. Bilete. Pierre-Paul Feyte*



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingen:	Min. kr 100,- innan kommunen Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.	3628.07.02557
Trykk:	Grafisk Trykk, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg.	Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse:	Rong senter, 2. etasje
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	5638 2240
Faks:	5638 2241
Vakttelefon prest:	5638 2244
E-post:	kontor@kyrkja.net
Heimesider:	www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid:	måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar:	Kari Sandøy Rong
E-post:	kontor@kyrkja.net

Kyrkjelydspedagog:

E-post:	Trine Overå Hansen
Telefon:	kyrkjelydspedagog@kyrkja.net 5638 2247

Kantor:

E-post:	Anne Lise Grøm
Tlf.	kantor@kyrkja.net 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

E-post:	Svenn Martinsen
Tlf.	sokneprest@kyrkja.net 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

E-post:	Bjørg Blom
Tlf.	diakon@kyrkja.net 4781 6181

Kyrkjeverje:

E-post:	Odd N. Thormodsæter
Tlf.	kyrkjeverje@kyrkja.net 5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen,	911 05 197
Klokkar i Blomvåg:	Ole Vik

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik	900 30 753/900 75 652
-------------------------	-----------------------

Blomvåg kyrkje:

Hjelme kyrkje:	5638 8030

Råda:

Hjelme sokneråd:	Leiar: Atle Dåvøy

Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrjelege fellesråd:

	Leiar: Gustav Landro
--	----------------------

Beredskapsordning for Vesthordland prosti

Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

MIN SALME

- Ingrid Haugetun

*Kvi skjelv kvart lauvblad
i den stille natt,
kvi dryp det blod på blomane i hagen?
Kvi er det auga så av redsle fylt,
som elles lyser varmt som sol om dagen?*

*Kvi ligg du der, du herlege Guds Son,
åleine midt i strid og hjartekvida?
Kvi gjev du frå deg siste livsens von,
kven tvingar deg vel såleis til å lida?*

*Guds Son i heilag kjærleik gjev seg sjølv;
vår synd hans reine sjel som klungren stinger,
så du og eg i rettferdsklednad kvit
skal eingong lyftast over stjernerigar.*

*Når me må møta vårt Getsemane,
då vil han stå i stråleglans ved sida,
og med si sterke, vare frelsarhand
til sæle venda alt det me lyt lida*

Ragna Rytter, 1915

Denne salmen lærte me på barneskulen og han har sidan fylgt meg heile livet. Eg hugsa den rørte ved mitt barnesinn.

Kvífor skulle dei gjera dette med Jesus? Etter kvart forsto eg at Jesus gav seg sjølv for å frelsa oss.



"Ingen tek livet mitt, eg gjev det frivillig. Eg har makt til å gje det, og eg har makt til å ta det tilbake". Denne oppgåva fekk eg av Far min.» Johs.10,18.

Salmar frå salmeboka/sangboka kan vera som andaktar. Dei kan vera til glede og trøyst. Men dei kan også vera til hjelp for å halda oss åndeleg vakne. Har du ikkje merka når ein salme betydde noko for deg, kor denne fortsette å tona inne i deg lenge etter?

Eg har eit minne frå min tidlege barndom. Mor vart enkje berre 43 år med åtte born. Om søndagskveldane når ho var ferdig med fjøsstellet, tok ho salmeboka og sette seg ved stoveglaset og song. Ein fin avslutning på ei travel veke, og åndeleg styrke til ei ny veke, og for meg eit fint og kjært minne.

Eg utfordrar Else Austbø til å velja «Min salme» neste gong.

Gamalt biletet frå Øygarden



Lærar Nyberg med gutar fødde i 1954 og -55; i søre kjellaren i gamleskulen i Blomvåg, skuleåret 1965/66.

Bak frå venstre: Audun Knarvik, Jan Inge Blom, Ove Knarvik, Stig Sæle Blom, Nils Ole Sæle, Håkon Dale og Arne Sæle.

Fremste rekka: Karl Egil og Håkon Blomvåges, Kjell Arne Dale, Viktor Dale, Jakob Blom og Nils Atle Sæle.

Foteigar : Ove Knarvik

**Frist for stoff til
nr. 6/09: 25. november
og 1/10: 12. januar**

Allehelgendsdag

Ja, no er det snart tid for Allehelgendsdag, Helgemesse, Aldermesse, Halloween og kva ein ellers måtte kalle det. Nokre går til kyrkje og minnast sine kjære som har gått bort. Andre feirar Halloween med gresskar og godteri, og borna går frå dør til dør i skumle kostymer og seier "Knask eller knep!". Men kva er alt dette eigentleg? Og kvar kjem det frå?

Av Trine Overå Hansen

Allehelgendsdag har sin bakgrunn allereie frå 300-tallet, då dei byrja å feire Alle martyrs dag, etter dei store kristendomsforfølgjingane. Feiringa av dei døde har trekk frå fleire heidenske høstfestar, som den romerske festivalen for Pomona og keltarane sin fest for dødsguden Samhain. Samhain tyder slutten på sommaren. Dette var siste sjanse for folk til å feire saman før vinteren og mørket kom. Festivalen var også ei feiring av dei døde. Kelterane trudde dei døde budde i et land som heitte *Tir nan Og*, eit land med evig lykke og rikdom. Det døgeret som Samhain varte, frå solnedgang 31. oktober til solnedgang 1. november, trudde dei at dei levande kunne få kontakt med dei døde i Tir nan Og.

Etter kvart endra Alle martyrs dag namn til Alle helgens dag, og frå 800-tallet var dette ei feiring i den katolske kyrkja for alle helgenar som ikkje hadde nokon eigen dag. Dagen vart opprinnleig feira 13. mai, men på 7-800-tallet vart den flytta til 1. november.

Alle sjelers dag

På 1000-tallet kom det i tillegg ein dag til minne om alle døde, Alle sjelers dag, som vert feira 2. november. Dette var ein felles messedag i den katolske kyrkja for dei døde som var så fattige at dei ikkje hadde pengar til å la presten lese sjelemesse over seg.

I middelalderen trudde dei nemleg på førestellinga om Skjærselfden, som var ein tredje utgang på livet. Her hamna dei som skulle til himmelen og vart pinte ei tid til dei hadde gjort opp for seg. Gjennom å lese dødssteller eller sjelemesser kunne prestane bidra til at tida i skjærselfden vart forkorta.

Helgendyrking

I tillegg til førestellinga om skjærselfden, hadde dei i seinmiddelalderen tru på at dei levande og døde sto i kontakt med kvarandre på fleire måtar. Til dømes trudde dei at avdøde som hadde blitt godkjent som helgenar regjerte i himmelen med Kristus. Dei trudde at desse avdøde kunne hjelpe dei levande viss dei vart påkalla for forbøn.

I tillegg var det vanleg å kjøpe og selje reliktar, altså beinrestar, etter helgenar. I dag fins det framleis ei mengd med slike levningar rundt omkring i dei katolske kyrkjene i Europa.



Reformasjon av synet på døden

Ei av dei mest gjennomgripande endringane som kom med reformasjonen, var at den førte med seg ei anna haldning til døden. Dette innebar mellom anna at førestellinga om eit fellesskap mellom døde og levande forsvann. Med reformasjonen har ikkje lenger dei døde noko samband med dei levande; dei er kun hjå Gud (eller hjå Djevelen). Dei gjenlevande kan ikkje lenger gjere noko for å hjelpe dei, og dei døde på si side kan heller ikkje gjere noko for å hjelpe dei levande.

Luther framheva også at det er ved tru åleine ein vert frelst, ikkje ved gode gjerningar. Og slo fast at læra om Skjærselfden ikkje kunne forsvara utfrå Bibelen. Lutheranarane avskaffa dermed dødsmissa, der kyrkjelyden skulle overgje den døde til Gud. Dei avskaffa også alle andre sjelemesser og oppfordra folk til å slutte å be for dei døde. Etter døden er det ikkje meir dei kan gjere. I staden for dødsmissa kom den lutherske gravferdsseremonien som vi har i Den norske kyrkja i dag. Her er alle bøner for den døde reinsa vekk, og minnetalen om den døde komen inn. Minnetalen er ei samanfatning av den døde sitt liv. I gravferda er det også ei preik som er retta mot dei gjenlevande og skal styrke trua og vere til formaning og trøyst.

Allehelgendsdag etter reformasjonen

Men på tross av Luther sitt oppgjer med all helgendyrkinga i den katolske kyrkja, overlevde altså Allehelgendsdagen reformasjonen. Dagen vart heretter feira som alle dei heilage, truande døde sin dag, og var fram til 1771 merka av som heilagdag på primstaven med eit kors eller eit skip. Frå 1770 vart dagen lagt til første søndag i november i den lutherske kyrkja. I katolske land, og land som USA og Storbritannia, er 1.november framleis Allehelgendsdag.

I dag oppfattar dei fleste Allehelgendsdag som alle døde sin dag. Mange stader kjem menneske til kyrkjegardane for å legge kransar på gravene og tenne lys. Lystenninga fekk sitt gjennombrot i Norge då Kong Olav døydde i 1991. Då vart Slottsbakken fylt av lykter og blomar.

Ofte sender kyrkjelydane ut invitasjon til alle pårørande, som har mista nokon det siste året, til å kome og delta på gudstenesta denne dagen. I løpet av gudstenesta vert namnet på den døde lese opp. Denne tradisjonen har vi også her i Øygarden. Tekstane i kyrkja handlar Allehelgendsdag om kva det vil sia å bli frelst og ha evig liv. I kollektbøna ber vi om å få kraft til å følge etter dei som har gått foran og "fullført løpet og halde fast på trua." (2Tim,4,7)

Halloween

Allehelgensafta vert feira i katolske og anglo-amerikanske land den 31.oktober.

Allehelgensafta vert kalla for All Hallows eve eller forkorta; Halloween. Denne dagen har på 1900-tallet blitt



Forts. side 13

Etter 12 år i sokneråd og fellesråd:

Gustav Landro går frå borde

Det er no gått 12 år sidan Gustav for første gong vart valt inn i Blomvåg sokneråd.

Berre 29 år gammal tok han sete i eit råd som tradisjonelt har vore for ”dei over 50”. Denne hausten takkar han (førebels?) av frå denne frivillige tenesta i sokneråd og fellesråd.

Gustav har i desse åra vore leiar i Blomvåg sokneråd i fire år og i fellesrådet dei siste åtte åra.

Han kom inn i soknerådet på eit tidspunkt der det m.a. var sterke meininger rundt planane for utbygging av Blomvåg kyrkje.

Tekst og foto Odd N. Thormodsæter

Kva sit att når du tenkjer tilbake på debatten om utbygginga av Blomvåg kyrkje?

- Eg vart overraska over den store usemjá og dei sterke frontane mellom dei som var for og dei som var mot utbygginga. Eg meiner framleis at det var eit tap for kyrkjelyden at dette ikkje vart ein realitet, særleg med tanke på barne- og ungdomsarbeidet. Ei slik storstove for Blomvåg sokn ville gitt arbeidet mykje større dynamikk og gjennomslagskraft.

Du var med på å gjera om barne- og ungdomsarbeidarstillinga til ei stilling for ungdomsteam. Har dette vore vellukka?

- Det var ei strategisk beslutning som var viktig å ta. Med denne endringa flytta ein barne- og ungdomsarbeid bort frå kontordeilen og ut der barn og unge møtest.

Teamarbeidet har vore med å visa ut polariseringa mellom nord og sør. Tidlegare var det ofte vedtakskamp om kor stillinga skulle brukast. No er dette inne i eit helt anna spor.

Sokneråda i Øygarden har eigen leirstad i **Skjergardsheimen**. Dette er svært spesielt på landsplan. Her avviklar m.a. sokneråda fleire leirar for aldersbestemte grupper kvart år.

Meiner du at nytte/bruksverdien er stor nok til å halda fram med eigen leirstad?

- Ja, i høgste grad! Leirstaden er utruleg viktig som del av trusopplæringsplanen. Vi får svært mykje att i dette arbeidet. Ca. 40% av årskulla tar del på leir og får det gode kristne budskapet med seg. Vi får mange gode tilbakemeldingar på leirarbeidet. Her er også teamet sterkt involvert.

Frå leirstaden vart oppretta har det vore utført svært mykje dugnadsarbeid som har knytt bygdene saman.

Økonomien er god grunna god styring og ikkje minst gjennom leirkulearbeidet.

Øygarden er relativt sett ein liten kommune. No har sokneråda gjort vedtak om å slå saman dei to sokneråda i Hjelme og Blomvåg i ein prøveperiode på seks år.

Korleis ser du på dette?

- Dette var på høg tid. Vi har følt på at dette var vegen å gå. Og både eg og resten av medlemmene i sokneråda som no takkar for seg meiner dette kan bli ein suksess dersom engasjementet vert oppretthalde. Dette vedtaket meiner eg gir oss større slagkraft og er med på å samla kommunen på det kyrkjeloge feltet.

Administrasjon og sokneråd vil takka Gustav for det store engasjementet han har lagt ned i det frivillige arbeidet desse 12 åra og vil ønskja han Guds signing vidare i livet.

Akvarell-kurs

Ta kontakt med Åse Jensen

Tlf: 5638 7590 / 9529 7721

Email: aseorse@online.no

Salg av fat med Blomvåg – og Hjelme kyrkje

SOS Ukraina

Den årvisse innsamlinga til fattige barn og familiarer i Ukraina vart også dette året gjennomført i Øygarden.

21. september stod trailaren til hjeporganisasjonen Open Heart utanfor Kiwi-butikken på Søre Sæle og tok imot klær og sko.

Den korte tida ØyNytt var til stades, var det mange som nytta høve til å levera fulle bossekkar med utstyr. 50-kroningen som folk betalar for kvar sekk dekkjer transportkostnadane. Heile 1200 sekker er det plass til i den store trailaren. Hjartelaget er tydelegvis stort i Øygarden for denne årvisse innsamlingsaksjonen.

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter

Det er Halvard Hasseløy som er drivkrafta bak innsamlingsarbeidet. Han opplyser til ØyNytt at han begynte arbeidet i 1992. Som utsendt misjonær for pinserørsla er dette ein viktig del av misjonsinnsatsen. Han understrekar at han ikkje lever av hjelpearbeidet men for det!



Full aktivitet med lasting av trailaren ved Kiwi-butikken på Søre Sæle. Innfelt: Halvard Hasseløy.

I Ukraina er det eit stort distribusjonsnett som sørger for at hjelpe kjem fram. Hasseløy er ein gong i månaden i Ukraina og leverer nødhjelp frå Norge.

På spørsmål om kva som får han til å halda ut i dette arbeidet svarar han at å avhjelpa naud er blitt eit kall og drivkraft i livet hans.

Kostnad med bisetting

Etter innspel frå Fellesrådet har Øygarden kommunestyre gjort følgjande vedtak den 23.09.09:
Øygarden kommunestyre vedtek å dekka meirkostnaden med bisetting for personar som har registrert bustadadresse i Øygarden kommune.

Dette betyr at kostnaden med bisetting for personar som har folkeregistrert adresse i Øygarden skal sendast Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Det har til no vore praksis at dei pårørande har mått betalt for denne ekstrakostnaden i samband med dødsfall.

Gravferdsbyråa som er mest brukt i Øygarden er informerte om dette og vil, saman med kyrkjeverja, ta hand om papirarbeidet

Stell og pynting av grav

Til vanleg er det dei pårørande som ryddar og plantar på grava. Nokre som bur utanom kommunen, har gått inn på ei ordning der kyrkjeverja tek ansvar for stell. Dette kostar for tida 500 kr i året. Gravminnet får då limt på eit skilt der det står "Legatgrav."

På nye graver er det ofte både kransar og blomar som etter ei tid visnar. Til vanleg er det ansvarleg festar som ryddar opp i dette og kastar det i søppelcontainar når ein meiner tida er inne.

Når det gjeld pynting på grava ber ein om at det vert vist varsemd med bruk av andre ting enn planter og lykter.



50års konfirmantjubileum i Blomvåg og Hjelme

Kyrkjelydane både i Blomvåg og Hjelme kunne glede seg over godt frammøte dette året.
I Blomvåg var jubileet sett til 23. august og 22 jubilantar møtte opp til gudsteneste og festsamvær i Vik bedehus etterpå.

I Hjelme vart jubileet feira 30. august. Her møtte heile 20 personar opp i gamle-kyrkja til gudsteneste og festmiddag i nye-kyrkja etterpå.

Frammøtte jubilantar i Blomvåg kyrkje:



(Ikkje i kronologisk rekkefølge.
Pikenamna til damene er tatt med)

Otto Dagfinn Heggøy, Jarle Børge Nynes, Åge Magne Oen, Einar Rong, Kåre Johan Rong, Asbjørn Vik, Rolf Vik, Ingolf Leif Solsvik, Ivar Magne Birkeland, Asbjørn Olav Turøy, Astrid Nakken Heggøy, Marit Karin Dåvøy Himle, Annbjørg Sørhaug Sæle, Kirsten Elly Fjeldstad Solberg, Randi Oddbjørg Dale, Aud Magrete Dale Bjørge, Oddbjørg Grete Rong Nilsen, Haldis Solberg Andreassen, Bjørg Jorun Toft Larsen, Gerd Jorunn Vik, Astrid Karin Vik Vatnelid, Haldis Oddbjørg Birkeland.

Frammøtte jubilantar i Hjelme gamle kyrkje:



(ikkje i kronologisk rekkefølge.
Pikenamna til damene er tatt med)

Bjørn Magnar Sture, Audun Sture, Ragnar Magne Sture, Rolf Karstein Stølsnes, Einar Karstein Sæle, Kåre Ingolv Sæle, Øystein Werner Busch, Arne Hjelme, Ingvald Kvinge Svellingen, Sigmund Olaf Wilhelmsen Hernar, Arvid Olav Sulen, Berit Marta Sture Skjold, Lillian Troland Jensen, Marit Karina Nakken Kolstad, Karen Ellinor Svellingen Sørensen, Turid Marie Hellesøy Severinsen, Bjørg Margot Hellesøy, Solveig Ragnhild Johannessen Hernar, Oddbjørg Joun Sulen Johannessen, Annlaug Karin Jensen Sørensen.

Søndagsskulens dag og Bibelen til alle 5.klassingar!

13.september var det søndagsskulens dag både i Hjelme og Blomvåg kyrkje. Vi hadde to fine gudstenester med godt oppmøte og mykje kjekt denne dagen. Søndagsskuleborn og søndagsskuleleiarar frå dei ulike søndagsskulane i Øygarden deltok med flotte songinnslag på begge gudstene. Teamet frå NLM vart offisielt presentert for kyrkjelydane våre, og det var også utdeling av biblar til alle 5.-klassingane som hadde møtt opp i kyrkja.

Dei 5.klassingane som ikkje hadde anledning til å møta på gudstenesta fekk bibelen sin utdelt i klasserommet veka etter. Då var kyrkjelydsmedarbeider Trine Overå Hansen rundt på skulane for å lære borna litt om bibelens oppbygging og innhald og dela ut resten av biblane. I tillegg kjem Harald Berge Breistein frå NLM og vitjar alle 5.klassane i Øygarden og har Vandring gjennom Bibelen med dei i november. Dette er ein kreativ måte å lære hovudtrekka i bibelhistoria på, der borna over inn bevegelsar i samspel med enkle ord som skal hjelpe dei å hugse hovedtrekka i både Det gamle og Det nye Testamente.

Tekst: Trine Overå Hansen - Alle foto: TOH



Glade 5.-klassingar i Blomvåg med ferske biblar.



Det var mange flotte søndagsskuleborn som skapte liv i kyrkja på søndagsskulens dag i Blomvåg!



Fin song med friske bevegelsar då søndagsskuleborna frå Tjeldstø og Hellesøy deltok i gudstenesta i Hjelme.



Også i Hjelme var dei takknemlige for biblane sine

Her er born og

Vik søndagsskule/-ring

Vik bedehus annkv sørn kl 11.00-12.00, 3

Barnekoret Lyskastaren

Vik bedehus annakvar mån kl 17.00-17.4

87 76 83

Jubelkoret:

Vik bedehus annankvar torsd.kl.16.45-18

Vik barnelag

Vik bedehus annakvar ons kl 17.00-18.1

5 år+, NLM, Marianne Dåvøy 56 38 87 9

Gutten

Vik bedehus annakvar ons kl 17.00-18.3

5 år+, Normisjon,

Ragnhild Martinussen 7604

Yngres

Vik bedehus annakvar fred kl 19.00-21.0

5 kl+, Erling Vik 89 63

Rong

Rong bedehus annakvar sørn kl 16.30-18

Sønd.skule og SR fra kl. 17.00, Kari Sa

Blomvåg søndagsskule/-ring

Blom bedehus annakvar sørn kl 11.00-12

Linda Blom 73 97

Barnelaget Blink

Blom bedehus annakvar tirs kl 17.00-19

4 år+, NLM, Bjørg 47816181

Oen søndagsskule

Oen bedehus annakvar onsdag kl. 17.30-

Onsdagsklubben

Oen bedehus.Annakvar onsdag kl.17.30-

Tjeldstø søndagsskule/-ring

Tjeldstø bedehus annakvar sørn 11.00-12

3 år+, NSF, Sølvi Dåvøy 94 39

Sæle og Hellesøy søndagsskule/-ring

Hellesøy bedehus, 3 år+, NSF, Ingrid Sa

Familiekoret i Øygarden

Skjærgardsheimen annankvar torsdag 1

Barnekantoriет Alvheim skule, fre.13-1

UNGDOM

Nautnes kristelege ungdomsklubb

Nautnes bedehus siste fredag i mnd, 19.0

Annlaug Børve 94 81

Øygarden KRIK

Toftøy skule kvar fredag kl 19.00-21.00:

Øygarden gospel Blomvåg kyrkje kvar

2247

Øygarden kr.skulelag ØUS, andakt on

2247

Ichtys. Ung.treff på Vik bedehus annank
Henning Sandøy, 90 51 02 03



Barne- og ungdomssider • Barne- og ungdomssider -

unge velkomne

3 år+ NSF, Ingrid Torsvik 93 90

45 4år+, NLM, Ingebjørg Martinussen 95

3.00 . 4-8 kl. Olaug Rong 92 78

5,

95

0,

00,

.00, For heile familien.
ndøy Rong 76 31

.00, NSF, 2 år+ : Olaug K. Rong 92 78

.00,

19, 3 år+, NSF, Else Rossnes 7198

0-19.00.Linn Karin K. Andersen 80 09

.00,

ndøy 82 24

7.30-19.30. Olaug Hatten 7719

14.15 Anne Lise Grøm 82 22

00-21.00: 5-7 kl, 21.00-23.00: 8 kl+ , ImF,

8-10 kl,Thea Ophaug 47 86 10 31
mandag 19.00-21.00, 8 kl+, Kyrkjelydsp

s. kl 11.05, 8 kl+, NKSS, kyrkjelydspd.

var laurdag, partalsveker kl.20.00 8.kl.+.



3.-4.klasse-leir på Skjergardsheimen!



Mange hadde meldt seg på leir den 26-27 september og ventelista var lang. Lørdomen samla det seg 45 glade 3-4 klassinger til leir på Skjergardsheimen. Helga hadde fullt program med både, bibelsamlingar, leikar, mat, kiosk, morokveld og kveldsmøte. Temaet for leiren var ”Bli kjent med Jesus”, noko vi håpar borna har teke med seg vidare. Både leiarar og deltarar hadde ein flott leir!

Leir er utruleg gøy, så bli med neste gong!

Av ”Teamet” frå NLM



OLA HOVDENS LEGAT

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgare utdanning.

”Under elles like vilkår skal dei gå føre som tek sikte på høgare utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, medrekna slik som gjev praktisk utdanning” (sitat statuttane)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/ sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under ”søknadsskjema” (www.oygarden.kommune.no) Søknadsfrist er 31 oktober 2009.

- Styret-

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdager 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldt bord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Indrøy Taxi & Transport

**1 - 11 passasjerer
Rullestol**

Mobil: 90 59 90 59

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Gravminner

**Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.**



**Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045**



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



"Den Store Lovsangen" held fram

Innleiing

Det har hendt mykje sidan dei to Gudstenestebøkene kom i 1992. Då Liturgikommisjonen vart lagt ned, var signalet at arbeidet med liturgien måtte halda fram. Kyrkjerådet(KR) har sidan hatt eit fast liturgiutval, med namnet "Nemnd for gudstenesteliv."(NFG)

Bakgrunnen for liturgien "Den Store Lovsangen" ("DSL") er Den norske kyrkja sin store liturgirevisjon. Prosessen tok til med at Kyrkjerådet(KR) i 2001 ba NFG om å greie ut spørsmålet om større fleksibilitet i høgmessa i Dnk. I 2003 tok Ungdommens Kirkemøte(UKM) opp saka, og bad om meir fleksibilitet innan gjeldande gudstenesteordinning.

I KR sitt møte 12.september 2003 tok ein til ords for reform av Høgmessa. På Kyrkjemøtet(KM) på Lillehammer 17.-22.november same året heldt så Nidaros biskop Finn Wagle foredrag over emnet "Høymesse under endring", og KM gjorde vedtak om at Høgmesseliturgien skal reviderast. NFG fekk reformen som eit spesialoppdrag og sette 5 underkomitéar i gong.

Wagle sa i Vårt Land 14.jan. 2004 at ein ser for seg ei messeordning som er mindre detaljstytt enn i dag, med større vekt på eit skapande gudstenestearbeid lokalt.

I 2005 gjorde så KR vedtak om Fleksibel bruk av Gudstenesteboka , og NFG sende ut invitasjon til å ta del i gudstenestereforma .

I Bjørgvin

Biskop og bispedømeråd har ønskt å gjere visjonen "Saman vil vi gjere Kristus kjent, trudd, elska og etterfølgd" verkeleg ved å vere:

- Saman som medarbeidrar
- Saman om trusopplæring
- Saman om gudstenesta

Visjonen når det gjeld gudstenesta i Bjørgvin er uttrykt som å utvikle gudstenester og andre fellesskapsformer som er prega av nærliek til Gud og menneske ved å

- Arbeide for å involvere fleire i gudstenestearbeidet, særleg barn og unge.
- Legge til rette for musikalsk og liturgisk mangfold og forsøksarbeid.
- Oppmuntre og legge til rette for åndeleg rettleiing og fordjuping.

Biskop Finn Wagle heldt foredrag under Stiftsmøtet i Ulvik 31.mai 2005 med titlane: "Vi må ha eit ritual"-visjonar ved starten av ei høgmessereform", og "Gudstenesta som stad for Trusoppleving."

Han nemnde kyrkja som ei truserfaringsrørsle med basis i Hebr.11, og at gudstenesta skal spegla Guds Folk sine erfaringar med Faderen, Sonen og Heilaganden.

I tillegg utdjupa han reformen: I tillegg til dei

vedtekne ordningane for Gravferd(2002)og Vigsel(2004) skal kyrkja i perioden 2004-2011 få ny Høgmesseliturgi, Dåpsliturgi, Tekstbok, Koralbok, Salmebok, og Bibelomsetjing!

Om arbeidsmåten i prosessen sa Nidaros Biskop m.a.at den skulle ha "et økumenisk perspektiv".

I Øygarden Prestegjeld

Til skilnad frå tidligare kor liturgien er blitt "tredd nedover" kyrkjelydane, har grasa ved denne liturgirevisjonen fått høve til å ta del i prosessen lokalt med vidtfemnande heimlar.

Prestegjeldet vårt har difor nytta seg av invitasjonen frå KR til å ta del i gudstenestereforma.

Parallellt med prosessen sentralt og regionalt tok eg på årsmøta i begge sokna i prestegjeldet mars 2004 i eit foredrag opp "måten vi feiar gudsteneste på", under overskriften "Du har gjeve oss ein heim i di kyrkje på jorda...-Framover i tru!" Eg tok også til ords for å få opp ein stadtbanden "Øygardsliturgi".

Blomvåg Sokneråd(SR) sette etter årsmøteforedraget til soknepresten 2004 i gong med eit prøveprosjekt med fornying av gudstenesta som mål. I 2005 signaliserte Hjelme SR at dei ville følgje etter. Soknepresten fremja saka om DSL for sokneråda til det sams februarmøtet 2006 . Sokneråda gjorde vedtak om å nytta DSL til bruk i prestegjeldet, tilpassa forskjellige dagar og høve. Fleksibel bruk av salmebøker vart også samstundes vedteke av sokneråda.

Neste steget var Visitasmeldinga til Bjørgvin Biskop 2006, Biskopen sitt Visitasforedrag 17.september 2006, Referat frå Visitasen 2006, og "Ettervisitasen" 18.september 2007.

Bjørgvin Biskop sa i Visitasforedraget sitt 17.september 2006: "Dette skal evaluera stikkleg med utsending av spørsmål når (prøve)perioden er over."

I soknerådmøtene 8. og 15.oktober 2008 vart gjort vedtak om å evaluere "Den store Lovsangen". Svarfrist for innlevering av skjema var 9.januar 2009.

*Frå feiring av
"Den Store
Lovsangen"
i Blomvåg
kyrkje 2009.
Svenn fortel
om Den Gode
Hyrdingen.
Foto: ONT.*

Det var liten respons på evalueringa. Det var likevel klårt at det var fleirtal for at DSL- "Øygardsliturgien" skal halda fram. Dei fleste som uttalte seg sa at nattverdliturgien lyt forkortast/ forenklast. Men dette vart alt gjort etter Bispevisitasen 2006 i samspele med sokneråda.

Samråystes vedtak på sams soknerådmøte i januar 2009 vart så at

• Den Store Lovsangen- "Øygardsliturgien" held fram som gudstenesteliturgi for Øygarden Prestegjeld inntil vidare...

• Det vert nedsett ein komité med leiar og nestleiar frå begge sokneråd og soknepresten som...skal leggja fram eit framlegg til vegval når det gjeld... sjølvé liturgien og i gudstenestelivet i det heile.

• Ein revidert utgåve av Den Store Lovsangen- "Øygardsliturgien" vert seinare vurdert opp mot ny Høgmesseliturgi av 2011.

1.september 2009 vart eit nytt samråystes soknerådsvedtak gjort som stadfester denne kurset.

Vedtaket er langt og detaljert, og plassen i Øy-Nytt tillet ikkje å ta det med. Interesserte kan difor lese det på nettet.

Eit skriftord eg ofte har vist dykk til i samband med å feire gudsteneste, kan høve til sist:

"Så legg eg dykk på hjarta, brør, ved Guds miskunn, at de må bera fram lekamen dykkar til eit levande og heilagt offer som er til hugnad for Gud. Det skal vera dykkar åndelege gudsteneste. Og skikka dykk ikkje likt med denne verda, men lat dykk omskapa ved at de får eit nytt sinn og kan døma om kva som er Guds vilje: det gode, det hugnadlege, det fullkomne." (Rom.12,1-2)

Dykkar tenar i JK

Svenn

Sokneprest



Rehabilitering av Blomvåg kyrkje



Blomvåg kyrkje sett frå Selstø. Alle vindaugo mot aust skal skiftast.

Tidleg dette året la regjeringa fram ein tiltakspakke der kyrkja gjennom kommunen kunne søkja om rentefritt lån for opprustning av eksisterande bygningar.

Lånesøknaden vart godkjent av kommunestyret i juni-møtet og søkeren er sendt. Det ligg føre positivt svar frå Husbanken om tilbakebetaling av renter på lån for dette arbeidet.

Midlane er først og fremst tenkt nytta til utskifting av vindauge i aust og vest, isolasjon av golv og tak og nyt oppvarmingsystem i kyrkja.

Det er underskrive kontrakt med to firma for utføring av dette prosjektet


Fellesrådet reknar med at arbeidet vert sluttført denne hausten.

Kyrkjegjengarane i Blomvåg vil merka seg at glasmaleria på kvar side av altaret er fjerna i ein periode. Dei skal inn i nye karmar og må reparerast før dei vert sett inn att.

I den mest hektiske perioden med rehabiliteringsarbeid kan kyrkja verta stengt i inntil to veker. Dette skal vi informera nærmare om når vi veit eksakt tidspunkt.

Biskop Halvor Nordhaug med ny visjon

Biskopen la fram den nye visjonen for bispetenesta under Stiftsmøtet i Ulvik 10.06.09:



”Saman vil vi ære den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.”

Biskopen presenterte visjonen med utgangspunkt i eit av verdas mest kjende ikon, ”Treeininga” av Rublev.

Saman om gudstenesta

Tema for stiftsmøtet, som samla til saman om lag 185 prestar, kateketar, diakonar, kyrkjemusikarar og tilsette ved bispedømekontoret, var ”Saman om gudstenesta”. Hovdføredraget var ved universitetslektor i liturgikk på MF, Geir Hansen. Det hadde tittelen ”Kva er gudsteneste godt for?” Les føredraget her: <http://www.kirken.no/bjorgvin/>

markert i USA med at utkledde born går frå hus til hus og tiggjar godteri og seier: "Trick or treat". Får dei ikkje godterier, gjer dei eit knep, som til dømes å feste teip på ringeklokka. Gresskar vert skorne ut til ei maske som dei set lys i. Den amerikanske halloween-feiringa er inspirert av tradisjonar frå katolske land. I Mexico vert dagen kalla "El dia de los muertos", "Dei døde sin dag". Der går heile familien til kyrkjegarden og tek med seg blomar(marigold, ringblomst) og mat("Pan de muertos"- "De dødes brød") til seg sjølv og den døde. Dei har piknik på grava og tenner lys. I heimane har dei eit altar med lys og ei skål laga av sukker. Den er forma som ein hovudskalle og inneholdt sukkertøy. I Irland har dei også liknande tradisjonar.

Norge har ikkje hatt tradisjon for slik feiring, men amerikanskinspirert Halloween-feiring vart introdusert i nokre miljø på slutten av 1990-tallet. Donald Duck, som også er opphav til oversettinga "Knask eller knep", har vore med på å gjere fenomenet kjent for eit større publikum.

Det har vore mykje skepsis til at denne tradisjonen har fått fotfeste i Norge. Borna tenker nok på det heile som uskuldig moro og synes det er spanande å kle seg ut og gå rundt på dørene i høstmørkret for å få godterier. Men mange reagerer likevel på at dei går utkledde som hekser eller som Djevennen. som Halloween er ei feiring av døden og dei onde krefte, er det sjølvsagt ingen god tradisjon å innføre til landet og ta vare på. Men det er heller ikkje grunn til å frykte, sjå Kol 2, 15:

Han kleddde maktene og åndskreftene nakne og viste dei fram til spott og spe då han synte seg som sigerherre over dei på krossen.

Død, kvar er din brodd?

Dei døde er døde, og treng oss ikkje lenger. Men vi skal ta vare på dei gode minna om dei som har gått bort og vera takknemlige for det dei har betydd for oss. Og så kan vi som kristne glede oss til dagen vi får møte våre kjære igjen i himmelen!



Kjelder:

prekenhjelp.net, katolsk.no, nysgjerrigper.no
dagsdato.no, kyrkja.no, keltiskfromhet.no

Norsk Idehistorie, bind II, 2002, Aschehoug, wikipedia.org
Den store Fest- og Høytidsboka, 1996, Aschehoug

SJØLVHJELPSGRUPPE FOR SØRGANDE

Når ein av våre kjære dør, kjänner ein på sorg og sakn etter den som er borte. I ein slik situasjon treng ein nokon å dele tankar og kjensler med. Nokon som gjerne har opplevd noko av det same og som sit på erfaringar om korleis ein skal koma seg gjennom den vonde tida. Mange opplever at det er godt å snakke med andre i ei sorggruppe, for då møter ein menneske som er eller har vore gjennom det same som ein sjølv. I sorggruppa vil ein få hjelpe til å arbeide seg gjennom sorga og dei vonde kjenslene og hjelpe til å finna ut korleis de skal leva no når ein viktig person for dykk er borte.

Sist vinter samarbeidde kyrkjelydane i Fjell og Sund om å ha ei sorggruppe. Våre erfaringar viste at dette var til hjelpe for dei som var med på gruppa. Vi ønsker difor å gje eit slik tilbod i vinter og, men då tenkte vi at vi skulle invitere menneske i Øygarden saman med oss. Vi vil difor med dette invitere sørjande til eit informasjonsmøte om sorggruppa i Foldnes kyrkje mandag 16.11.09 Kl.19. Her vil vi orientere om kva vi vil og kva vi vil ta opp i gruppa, og så kan den som ønskjer å vera med meldha seg.

Dersom du ikkje kan koma på møtet eller har spørsmål på førehand kan du ta kontakt med soknediakonen i Fjell, Torbjørn Fjøren på Tlf. 55097447

Hjarteleg velkommen

OFFERLISTE

Innkommne offer

Blomvåg:

10. mai	LAGET	kr. 1996,00
17. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 2090,50
31. mai	Normisjon	kr. 2395,00
28. juni	Nordh.Indremisjon	kr. 2271,50
12. juli	NLM/ kvinnelkinikken og helsearb i Woito	kr. 13832,00
9. aug	Bibelsselskapet	kr. 2930,50
23. aug	Kyrkjelydsarb	kr. 3274,00
6. sept	Kyrkjelydsarb	kr. 3004,50
13. sept	Bergen søndagsskulekrets	kr. 3670,00

Hjelme

17. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 3855,50
24. mai	Kyrkjelydsarb	kr. 1660,00
1. juni	Åpne dører	kr. 1450,00
7. juni	Misjon uten grenser	kr. 1171,00
21. juni	For Bibel og Bekjennelse	kr. 1371,00
5. juli	Kyrkjelydsarb	kr. 2180,00
2. aug	Evangeliesenteret	kr. 3050,00
16. aug	Norsk Lærarakademi	kr. 2198,00
30. aug	Norges Samemisjon	kr. 3708,50
13. sept	Bergen søndagsskulekrets	kr. 3760,50

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR 

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent osteskål	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Ope mandag - fredag kl. 8 - 21, laurdag kl. 9 - 20

 **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

Velkommen til oss



Catering:

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet.
Du ringer - vi bringer!


Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B·P·S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf.: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22



Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



TIMEBESTILLING 56 38 73 90

**trend
frisør**
RONG SENTER
Egne prisar for pensjonistar
Langope torsdag



5334 HELLESØY
Tlf: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post: hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1800
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.


TORSVIK
ELEKTRISKE AS
Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

Mand-fred 10-18
Lør 10-16
Tlf.: 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA
Gave & Interiør

RONG SENTER



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Vaskehall
- Kaffiaftale
- Gass



BLOM
SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel
på
kyrkjekontoret

Bok & Media* Vestbok
Vetrliksallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

KYRKJELEGE HANDLINGAR

DØYPTE

Blomvåg

Adrian Isager Vik, Vasskarhaugen
Alexandra Tjøng, Rossnesvegen
Linnea Dale Kvarven, Austemarka
Pernille Opheim Kaland,
Veslevarden
Håvard Solsvik, Vik
Aurora Torsvik Sebjørnsen,
Torsvik
Mathias Andersen Dale, Myrane
Andreas Espenes Mikkelsen,
Veslevarden
Karoline Solbakk, Tjeldstø

Hjelme

Sunniva Louise Fjeldstad, Tjeldstø

VIGDE

Blomvåg

Ida Eline Jebsen og
Torbjørn Hoem
Maria Træen Hovden og
Thomas Sæle Hovden

Hjelme

Mariann Solbakk Alvheim og
Jarle Alvheim

DØDE

Blomvåg

Rasmus Sigmund Haugetun,
Tednebakkane f. 1921

Hjelme

Anne Marie Sture, Ågotnes f. 1948

GUDSTENESTER

1.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Song av Øygardskoret. Nattverd.

08.nov Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiemesse v/Svenn Martinsen.
Song av Øygarden barnekantori.
Nattverd.

15.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiemesse v/ Svenn Martinsen.
Dåp. Nattverd.

22.nov Hjelme kyrkje kl.11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Nattverd.

29.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiemesse v/ Per Fimreite.
Nattverd

6.des Hjelme kyrkje kl.11:00

Familiemesse. Song av
Øygardskoret. Nattverd.

13.des Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen.
Nattverd.

TIL LUKKE

70 år:

20.nov Petra Gerd Alden, Pålsneset 67



75 år:

31.okt Joan Tora Knarvik, Knarvik

14.nov Ingvard Ragnar Svellingen, Hellesøy

80 år:

28.nov Lilly Ester Sanden, Nordre Sæle

07.des Elisa Kristina Oppedal, Nautnes

85 år:

05.nov Anna Gurina Skråmestø, Torsvik

09.nov Bernhard Svellingen, Svellingen

Takk!

Vi vil takka for gava til Rong søndagsskule i forbindelse med Rasmus Haugtun si gravferd. Det kom inn kr. 3150,-

Leiarane i Rong søndagsskule

Takk!

Vil senda ei stor takk til kyrkjekontoret som ordna ein så minnerik fest for oss 50årskonfirmantar den 23. august i år.

Takk også til Vik bedehus og alle frivillige hjelparar.

Med helsing Gerd-Jorunn Vik.

Velkommen til oss! Øygarden hud og kroppspleie

Vi feirer nyåpning

Ansiktsbehandling:



÷ 25%

Gjelder f.o.m tors. 29.10
t.o.m lør. 31.10.09

Kom innom for en
gratis hudanalyse.

Rong Senter, Rong / Tlf. 56 38 95 15

Bergen & Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Elin Mikkelsen
Berntsen



Heine
Polden



Tom
Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG



Det nye soknerådet dei neste to åra

Forsøksordninga som gjeld denne perioden og neste, dvs. fram til 2015 har gitt sokna høve til å stilla med eigne lister, der ein vel tre faste og fem vara frå kvart sokn. I løpet av 2014 må soknerådet ta stilling til om ordninga skal halda fram på permanent basis

Her følgjer resultatet av valet. I Hjelme var det ein frammøteprosent på ca 13 og i Blomvåg ca 10%. Stemmesetlane vart telde opp tysdag 15. september av Atle Dåvøy, Kjellaug Solsvik, Kari B. Solheimslid, Else Austbø og Astrid Rustad. Kari S. Rong og Odd N. Thormodsæter fungerte som medhjelparar.

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter



Olaug Merete Rong
vart valt til leiar



Atle Dåvøy
vart valt til nestleiar

Medlemmer frå Hjelme sokn

Namn	Alder	Tal på stemmer
1. Atle Dåvøy	42	150
2. Kristen Olai Fjeldstad	58	119
3. Andreas Kårbo	47	116
Varamedlemmer:		
1. Astrid J. Nautnes Rustad	50	116
2. Kjell Arne Fjeldstad	61	89
3. Daniel Dåvøy	19	87
4. Torunn Karlsen	50	63
5. Delia Bulfa Hellesøy	52	32

Medlemmer frå Blomvåg sokn

1. Olaug Merete Rong	35	323
2. Erling Vik	53	283
3. Øyvind Solsvik	34	249
Varamedlemmer:		
1. Linn K. Knappen Andersen	32	229
2. Ingebjørg Martinussen	18	198
3. Torhild Marie Rong	59	175
4. Åse May Solsvik	37	115
5. Norvald Kåre Vestheim	73	99

Funksjonsperioden går frå 1. november 2009 til 31. oktober 2011. Fellesrådet sin funksjonsperiode går frå 1. desember 2009 til 30. november 2011. Dette vert gjort for å koma i rytmje med kommunevalet. Neste periode vert igjen på 4 år.

I det første møtet vart Olaug Merete Rong valt til leiar, medan Atle Dåvøy vart valt til nestleiar.

Følgjande vart valt til medlemmer av Fellesrådet: Atle Dåvøy, Kristen Olai Fjeldstad, Erling Vik og

Øyvind Solsvik. Soknepresten er valt av biskopen. Frå kommunen er Gisle Kårbo Rong valt. Fellesrådet vel leiar og nestleiar i møte 24. november.

Under dette valet var det også direkteval til bispedømerådet på tre personar:

Følgjande vart valt: Ingmar Ljones frå Arna, Bodil Birkenes frå Erdal og Cathrine Halstensen frå Bergen. Seinare skal sokneråda velja fire personar, prestane ein og dei leke tilsette ein person.
Biskopen er sjølvskriven medlem av rådet.